



Kontinuitetsplan for skule og barnehage under Covid-19 pandemien

Det beste for alle barn og unge er å oppretthalde ein så normal kvardag som mogleg.

Barn og unge skal i minst mogleg grad bli omfatta av tiltak og konsekvensar knytt til pandemien, jf. nasjonale føringar. Skule, SFO og barnehage skal så langt det er mogleg og forsvarleg halde opent.

I ein smittesituasjon skal «raudt nivå» innførast som tiltak før stenging og heimeundervisning blir vurdert. Stenging av skule og barnehage kan ikkje nyttast som eit førebyggjande tiltak jf. Covid-19 forskrifta.

Sårbare barn og unge skal ved stenging (fjernundervisning) i skulen og stenging i barnehage ha eit tilbod. Omfanget på tilbodet må vurderast i kvar situasjon. Det skal vera låg terskel for kva som definerast som sårbare barn og unge.

Målsetting med planen: Oppretthalde forsvarleg drift i skule, SFO og barnehage til trass for høgt fråvær av tilsette.

Kvaliteten på tilbodet vil i ein situasjon som denne ikkje vera optimal, og enkeltelevar og barn vil kunne oppleve å ikkje få det same tilbodet som dei til vanleg har.

Skule og SFO

- Forsvarleg drift på 1.-7. trinn reknast som ein lærar i kvar klasse til ei kvar tid gjennom skuledagen. På Brunkeberg oppvekstsenter reknast forsvarleg drift som ein lærar gjennom dagen på 1.+ 2. trinn og 3. + 4. trinn. På ungdomstrinnet reknast forsvarleg drift som tilsyn og hjelp av ein vaksen.
- I tillegg skal det på alle trinn og avdelingar vera nok dekning av vaksne for sårbare barn som treng ekstra støtte. Dette for å oppretthalde eit trygt og godt skulemiljø for alle.
- Så lenge skulen held opent for eit trinn, skal elevane ha full skuledag. Men det kan bli redusert på talet på dagar trinnet møter på skulen (t.d. ein dag fjernundervisning og fire dagar på skulen).
- Ved redusert bemanning på SFO vil aktivitetstilbodet bli mindre, og ein vil prioritere å vera mykje ute.
- Skule blir prioritert å halde opent framfor SFO og leksehjelp. Tilsette på SFO/leksehjelp kan bli bedt om å jobbe på skulen.
- SFO og leksehjelp kan bli stengt på kort varsel.



Kviteseid kommune

- Dei tilsette vil kunne bli omplassert til å jobbe på andre avdelingar, ved andre trinn og i andre klasser enn til vanleg for å oppretthalde forsvarleg drift.
- Tilsette som er heime av annan grunn enn eigen sjukdom eller sjuke barn (t.d. karantene eller stengt barnehage/skule i bustadkommunen) må vera budd på å utvikle undervisningsopplegg og/eller gjennomføre digital fjernundervisning.
- Heimeskule er siste tiltak ved redusert bemanning, og skal berre innførast dersom ein ikkje kan oppretthalde forsvarleg drift. Dei eldste elevane, med unnatak av 10. klasse, får heimeskule fyrst. Det er eit mål å skjerme 1. - 4. trinn, både på Kviteseid skule og ved Brunkeberg oppvekstsenter, lengst mogleg.
 - 8. og 9. trinn går fyrst over til digital heimeundervisning. Store delar av undervisninga vil kunne vere arbeidsplanbasert. Praktisk-estetiske fag blir nedprioritert. Unnataket er mat og helse på 9. trinn som er avgangsfag.
 - Heile eller delar av mellomtrinnet går over til digital heimeundervisning, alle eller nokre av skuledagane i veka.
 - 10. trinn går over til digital heimeundervisning. I så stor grad som mogleg held lærarar som underviser i eksamensfag fram med å prioritere dette.
 - 1. - 4. trinn skjermast frå heimeundervisning så langt dette er mogleg. Ein bør vurdere å også skjerme 5. trinn, så langt det er råd.
- Vikarutgifter knytt til Korona-situasjonen blir merka med prosjektkode 334. Utgifter vil bli tilbakeført til skulen frå Koronamidlar til kommunen frå staten i budsjettrevisjonar. Dersom det ikkje er høve til å tilbakeføre midlar, vil vikarutgifter knytt til Koronasituasjonen bli synleggjort når budsjettrevisjon blir framlagt at er tilleggsutgifter som ikkje er budsjettert.

Barnehage

- Forsvarleg drift ved Straumsnes barnehage reknast som minimum to tilsette på jobb. Minst ein av dei to må vera godt kjent i barnehagen og med barna. Det reknast i utgangspunktet ikkje som forsvarleg med to tilkallingsvikarar.
- Forsvarleg drift ved Brunkeberg barnehage reknast som tre vaksne på kvar avdeling. Minst to av dei må vera godt kjente vaksne for barna. Ein kan vera tilkallingsvikar.
- Forsvarleg drift ved Kviteseid barnehage reknast som tre vaksne på småbarnsavdelinga. Minst to av dei må vera godt kjente vaksne for barna. Ein kan vera tilkallingsvikar. Med dei eldre barna kan ein vurdere om to vaksne er forsvarleg.



- Ein situasjon kor ein balanserer på grensa av forsvarleg drift som skildra over, kan berre vera for ein kortare periode. Dersom situasjonen varer ved over lengre tid, vil ein måtte vurdere å stenge heile eller delar av barnehagen. Ein vil prioritere å ta i vare sårbare barn.
- For å oppretthalde forsvarleg drift og halde barnehagen open, vil dette føre til:
 - Pedagogiske opplegg går ut, auka fokus på enkle aktivitetar og eit godt omsorgstilbod
 - Ikkje tilby mat i barnehagen, barna må ha med niste
 - Auka bruk av utetid, særleg om morgonen (levering) og ettermiddagen (henting)
 - Reduserte opningstider. Ved reduserte opningstider vil vi fyrst sjå på å stenge tidlegare om ettermiddagen, og så langt det er råd oppretthalde ordinært starttidspunkt om morgonen.
- Vikarutgifter knytt til Korona-situasjonen blir merka med prosjektkode 334. Utgifter vil bli tilbakeført til barnehagen frå Koronamidlar til kommunen frå staten i budsjettrevisjonar. Dersom det ikkje er høve til å tilbakeføre midlar, vil vikarutgifter knytt til Koronasituasjonen bli synleggjort når budsjettrevisjon blir framlagt at er tilleggsutgifter som ikkje er budsjettert.